Midtre Naustdal Storvald 11. mars 2020

Årsmelding frå styret for driftsåret 2019

Styret har hatt 2 fysiske styremøter, samt fleire saksdrøfting gjennom telefon i løpet av funksjonsåret.

Sentralt for styret har vore å koordinere gjennomføring av dei føringar som ligg i forvaltningsplana 2016-2019.

Resultatet av årets jaktsesong syner eit relativt stabilt nivå på felte dyr i høve til tidlegare. Framleis er avskytinga for liten i høve til tildeling og plan.

Resultatet er ein fellingsprosent på om lag 65 %, men med særs god fordeling mellom dei ulike dyregrupper. Fellinga er heilt i samsvar med dei pålagde krav i forvaltningsplana som klart stadfester at ein maksimum kan felle 30% av kvote som eldre dyr (han og hodyr). Storvaldet sitt resultat her er 23 % og er svært godt resultat med omsyn til målsetting i forvaltningsplana.

Resultatet i detalj kjem fram i tabellframstillinga av tildelingar og felling for det enkelte jaktfelt og samla for storvaldet. Resultatet er lagt ut på heimesida som grunnlag for fakturering av fellingsavgifter.
Staus i stamma er at det no, basert på faktiske data rapportert av dei som faktisk deltek i jakt, syner at det er sett tett på 0,5 dyr pr. jakttime totalt. For berre innmarksjakt er det same talet 1,8 dyr pr jakttime, men dette er vel naturleg fordi ein her har «samlingar av dyr» som beiter på kulturmark. Avskytinga som skjer no ser ikkje ut til på nokon måte «å desimere bestand» fordi det ikkje kan sjåast noko form for mindre registrering av dyr på slutten av sesong. Basert på at datamengda frå jegerar no er så god, ser ikkje styret grunn til å halde fram ved «vår-teljing» fordi dette er svært usikkert og i tillegg heller ikkje er gjort tilgjengeleg på ein effektiv måte for oss som arbeider med analyser i storvaldet. Det viktigaste tiltaket for alle er å syte for endå betre registring av jaktaktivitet slik at kvalitet på data blir endå betre gjennom dette opplegget.

Styret finn grunn til å skryte av at alle jaktfelt gjorde rapportering i «Settogskutt.no» innan frist, slik kravet var.

Det er framleis potensiale for jaktfelta å etterleve krav om innbetalingsfristar etc utan av styret må drive med påminning.

Det ser også ut som rapportering av jaktaktivitet er på rett veg innan storvaldet. Etter styret sitt syn er dette registreringsarbeidet svært viktig for arbeidet med dokumentasjon av grunnlag for forvaltning av stamma.

Frå styret meiner vi å ha registrert noko uvanlege trekkmønster av dyr i jaktsesongen også i 2019 slik vi også omtala i fjor.

Arbeidet med å samordne informasjonsarbeid og heimeside med dei andre storvalda har teke lenger tid enn forventa. Det har ikkje vore gjennomført samlingar i regi av viltrådet der ein har rett plass for å ta slik drøfting (kan hende interesse er liten?). Vi held fokus på saka. Styret trur dette er eit godt tiltak for å sikre informasjon både til storvalda og til organ i Sunnfjord kommune som arbeider med viltstell.

Informasjon om økonomi er samla under eiga sak- Rekneskap. Økonomisk stode er uendra frå tidlegare, men også denne gongen ser vi det som svært urimeleg at avgifta blir innkrevd til kommune og at vi i storvalda som gjer alt arbeid berre får tildelt «smular». Styret ser det som rett at det blir lagt større vekt på informasjon frå kommune der ein legg fram årsrekneskap og årsmelding for disponering av midlar innkrevd gjennom fellingsavgifter. Nytt styre bør arbeide for dette inn mot den nye Sunnfjord kommune når ein kjem i posisjon til slike innspel.

Styret har lagt ut på heimesida framlegg til grunnlag for å etablere ny forvaltningsplan for storvaldet. Plana skal i samsvar med vedtekter i storvaldet godkjennast av årsmøtet som eiga sak. Saka er utarbeida av styret i Midtre Naustdal Storvald sjølve for å sikre at arbeidet var klart i tide slik vedtekter krev.

Styret vil som sluttmerknad understreke at vi meiner at storvaldet fungerer svært bra som organisasjon, men ikkje har merkbar effekt på samarbeide mellom jaktfelta for å oppnå fellingsresultat i samsvar med tildeling på enkeltår og som samla plan.
Styret legg vekt på å sikre «det vedtektsfesta grunneigarstyrte perspektivet» på ein god måte ved at vi har eit fokus på vedtektene sine krav , og dei oppdrag som årsmøtet utformar for drifta.

Styret takkar alle jaktfelt for samarbeidet.

Styret